



Montørane Tore Hjelmeland og Jan Flatebø i arbeid for Energi Teknisk AS.

**Det lokale selskapet Energi Teknisk AS som tidlegare heldt til i Dimmelsvik, men som nyleg flytta til Rosendal, har fått ein betydningsfull kontrakt som gjeld levering av utstyr til Tverrelva Kraftverk. Kontrakten har ein verdi på 10 millionar kroner, og utstyreret skal leverast i løpet av hausten 2016.**

Marnadsansvarleg i Energi Teknisk AS, Arild Klette Steinsvik, uttalar at det er ekstra kjekt å få denne kontrakten sidan det er til eit lokalt verk. Han seier også at avtalen kjem godt med sidan marknaden den siste tida har vore noko trå då det er stor konkurranse om relativt få prosjekt. Kontrakten er med og tryggjer arbeidsplasser i den lokale verksemda.

De kan lesa meir om avtalen på [kvinnheringen.no](http://kvinnheringen.no)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Pressefoto.